

MOTTATT
03 JUL 2013

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep.

0030 OSLO

Dato: 01.07.2013
Dykkar
ref.:
Vår ref.: 2013/8502 AASEWE

Høringsfråsegn frå NO 2014 til Kulturutredningen 2014

1. Innleiing

Norsk Ordbok 2014 (NO 2014) vil med dette levera høyringsfråsegn til NOU 2013: 4 *Kulturutredningen 2014*. Fråsegna vår vil konsentrera seg om den delen av norsk kultur som gjeld norsk språk som immaterielt kulturobjekt. NO 2014 har ingen spesifikke merknader til meldingas del I *Historisk bakgrunn* og del II *Kulturpolitikkenes berettigelse*. Me meiner desse delane av utgreiinga gjev eit godt bilete av historikken og det kulturpolitiske feltet.

2. Kulturpolitikken etter 2005

Del III av utgreiinga, *Kulturpolitikken etter 2005*, kjem fleire stader inn på spørsmålet om ansvaret for norsk språk i ei globalisert verd. Kapittel 8.11 kommenterer at:

Endelig kan den globale massemedierte kulturen sies å føre til en språklig likedanning. De digitale mediene domineres nesten totalt av det engelske språket. For et lite språksamfunn som Norge representerer dette en viktig språkpolitisk utfordring (Kulturutredningen 2014, s. 83)

Dette blir utvikla vidare i kap. 9.7 *Globalt kultur mangfold*, som stadfester det kulturpolitiske ansvaret Noreg har for å verna om norsk språk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka. Kulturutredningen viser til St. meld. 35 (2007-08), som slår fast at det er viktig å setja i verk tiltak som skal hindra domenetap til engelsk, og utvalet konkluderer slik:

Det er derfor avgjørende at kulturpolitikken stimulerer til en bred produksjon av litteratur, musikk og audiovisuelle produkter på norsk. Her ligger en viktig oppgave for norsk kulturpolitikk på kort og lang sikt (Kulturutredningen 2014, s. 89)

Det er sjølvsagt viktig at styrking og dyrking av norsk språk omfattar tiltak på områda litteratur, musikk og audiovisuelle produkt, slik også Kulturloftet I og II la opp til. Me saknar likevel ei sterkare vektlegging av språket som sjølvstendig, immaterielt kulturobjekt, ut over det å vera reiskap for



skjønnlitteratur og andre kunstuttrykk. Norsk kulturpolitikk på språkfeltet omfattar ikkje minst språkstyrkings- og språkdyrkingstiltak som ligg innanfor ansvarsområdet til Språkrådet og til dei høgare utdanningsinstitusjonane med ansvar for forskning på og dokumentasjon av norsk språk. Me vil i denne samanhengen peika på dei viktige hovudmåla St.-meld. 35 (2007-08), *Mål og mening*, peikar ut for norsk språk:

norsk skal vera hovudspråk og nasjonalspråk i Noreg, [...] norsk skal vera eit samfunnsberande og fullverdig språk, [...] det skal leggjast til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål [...] Alle skal ha rett til språk, rett til nasjonalspråk, rett til morsmål og rett til å kunna læra seg framande språk. (*Mål og mening*, kap. 2.3.1-2.3.2)

For å nå desse viktige kulturpolitiske måla er det heilt vesentleg å setja i verk tiltak som styrkjer dokumentasjon av og forskning på norsk språk. I denne samanhengen er det viktig å sikra at finansieringsmodellar og insentivordningar ved dei høgare utdanningsinstitusjonane stør opp om desse overordna målsetjingane. Særleg vil me framheva at det må etablerast ordningar som stimulerer til publisering av forskingsresultat på norsk, ikkje minst for å sikra terminologiutvikling. Det må også setjast i verk nasjonale, samordna tiltak for å sikra stabile forskings- og dokumentasjonsmiljø for norsk språk og litteratur ved dei høgare utdanningsinstitusjonane.

I Kulturutredningen, kap. 11.7 *Språk, litteratur og bibliotek*, heiter det at:

Norsk språk har [...] ikke en like sterk og selvsagt posisjon som det en gang hadde. [...] Dette er bakgrunnen for at språkpolitikk også har fått en stadig mer framtreende rolle i norsk kulturpolitikk de siste årene, med et styrket fokus på fellesspråkene bokmål og nynorsk, på de samiske språkene, nasjonale minoritetsspråk og norsk tegnspråk (Kulturutredningen 2014, s. 158)

Meldinga slår fast at ein framtidretta språkpolitikk stiller krav til at einskildland tek eit primæransvar for å utvikla eigne språk, slik at dei kan bli ved å vera levande bruks- og kulturspråk (*Kulturutredningen*, s. 162). Dette er ein internasjonal skyldnad. Me ønskjer å løfta dette ansvaret fram som eit svært viktig poeng, samstundes som me vil visa til at mykje står att før dei kulturpolitiske målsetjingane på språkfeltet er oppfylte. Me vil i denne fråsegna særleg halda fram utviklinga på feltet vitskapleg dokumentasjon og språksamlingar. Om dette sa St.meld. 35 (2007-08):

Alle språk som skal haldast i hevd og utvikla seg som levande kulturspråk, må kunna støtta seg på ein solid dokumentasjon av den språklege tradisjonen og av korleis språket blir brukt i samtida. Ikkje minst er dette eit nødvendig grunnlag for språkforsking og språkopplæring, men også for arbeidet med standardisering og normering av språket. Det har også mykje å seia for å gje språket status at det er vel dokumentert på ulike vis. Verdien av språkleg dokumentasjon har også samanheng med at språket er ein så viktig del av kulturarven vår. (St.meld. 35 (2007-08), kap. 8.3.1)

Velordna, vitskapleg dokumentasjon av norsk, samisk og dei nasjonale minoritetsspråka i fortid og notid er avgjerande for å ta vare på desse språka som levande kulturuttrykk. Dette er eit ansvar berre det offentlege Noreg kan ta. Stoda no er likevel at dei vitskaplege dokumentasjonssamlingane ved dei høgare utdanningsinstitusjonane har dårlege vilkår og har vore under nedbygging over

lengre tid. Det ligg ei stor kulturpolitisk utfordring i å sikra at det også i framtida er tilgjenge til vitskapleg kvalitetssikra og laupande oppdaterte dokumentasjonssamlingar for norsk og dei andre språka Noreg har eit særleg ansvar for.

Dei eksisterande språksamlingane for norsk ved universitet og høgskolar er føresetnaden for utvikling og vedlikehald av mykje brukte rettskrivingsressursar som *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka* og Norsk ordbank, dei ligg til grunn for arbeidet med dokumentasjonsverket Norsk Ordbok og dei gav eit empirisk grunnlag for arbeidet med nynorskrettskrivinga frå 2012. Lista over produkt som spring ut frå dei norske vitskaplege språksamlingane kan gjerast mykje lenger enn dette, men utvalet ovanfor representerer nokre sentrale døme.

3. Del IV: Kulturpolitikk etter 2014 og del V: Tilrådingar

Me kan ikkje sjå at språk som kulturuttrykk er nemnt i dei to siste delane av Kulturutredningen 2014. I og med at norsk språk som kulturobjekt ligg til grunn for mange av dei andre kulturuttrykka utgreiinga omhandlar, er det heilt vesentleg at norsk kulturpolitikk etter 2014 òg omfattar tiltak for styrking og vern av norsk språk. For Norsk Ordbok 2014 er det viktig å framheva dei tiltaka på dokumentasjons- og samlingssida som trengst for å kunna gjennomføra andre sentrale kulturpolitiske målsetjingar på språkfeltet. Det same gjeld sjølvstøtt og samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka.

Med helsing,

for Norsk Ordbok 2014

Åse Wetås
prosjektdirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er difor ikkje signert.

Saksbehandler:

Åse Wetås

+4722854380, ase.wetas@iln.uio.no